



# Øystre Slidre kommune

## Saksframlegg

ArkivSak: 18/2215  
ArkivID: K1 - 223, K2 - V15  
Saksbehandlar: Gustav Fystro

Saksnr.	Utval	Møtedato
49/18	Kommunestyret	20.09.2018

## Søknad om transportstøtte til kjøp av grovfor grunna avlingssvikt

### Bakgrunn for saka:

Med bakgrunn i den utfordrande førsituasjonen etter turken i sommar søker Øystre Slidre Bondelag og Øystre Slidre Bonde- og Småbrukarlag om at kommunen opprettar ein ordning for transportstøtte ved innkjøp av grovfor til husdyrbønder.

### Saksutgreiing:

Kommunen har motteke søknad om transportstøtte til innkjøp av langtransportert fôr til husdyrbønder i Øystre Slidre. I e-post den 04.09.18 står:

*Med bakgrunn i den vanskelege førsituasjonen etter årets ekstremt tørre og varme sommar, søker fagлага i Øystre Slidre om at kommunen kan opprette ein transportstøtteordning for innkjøp av fôr.*

*Grunningjeving: Øystre Slidre har eit stort husdyrhald. Det er viktig at ikkje produksjonen får ein knekk, med at det blir slakta viktige avlsdyr eller at nokon gir seg pga. førsituasjonen. Det kan gje langvarige skadar for produksjonsomfanget i kommunen. Det er også lang veg frå Øystre Slidre og til område der det er mogleg å kjøpe stråfôr. Det blir dyr transport på mykje av det innkjøpte føret.*

*Forslag til ordning: Transportstøtte til langtransport av innkjøpt fôr (surfôr, høyensilasje, høy eller halm).*

- Botnfrådrag på 100 kr i transportkostnad per rundball.
- Støtte på inntil 200 kr per transportert rundball.
- Må leggje ved kopi av kvittering for transportutgifter.
- Ordninga gjeld berre for innkjøp av fôr til eigne dyr og omfattar dei som søker om produksjonstilskot i kommunen

### Overslag for kva dette kan dreie seg om:

*Dersom 50 bønder i kommunen har kjøpt i snitt 40 langtransporterte rundballar kvar (eitt trailerlass), blir det ca 400 000 kr i transportstøtte totalt sett. Kvar bonde som har kjøpt langtransportert fôr får i snitt 8000 kr frå kommunen med ei slik ordning. Det er ikkje nokon veldig stor sum, men er ei hyggeleg oppmuntring.*

*Transport frå flatbygdene kostar ca 250 kr per ball. Transport frå Trøndelag og Nord-Norge kostar frå 250 til 500 kroner per ball. Kjøp av fôr frå Island har også ein vesentleg transportkostnad.*

Turken i første delen av vekstsesongen 2018 førte til sterk avlingssvikt. Ein første slått, som låg på 25-40% av normal avling for mange, utløyste både krisestemming og kreativ kraft for å finne løysingar. Faglag, samvirkeorganisasjonar, næringsutøvarar, rådgjevingsapparat og offentlige etatar tok etter kvart grep.

Etter 20. juli har ikkje vatn vore vekstavgrensande faktor, og nedbøren kom akkurat i tide, slik at mange har berga ein god andre slått. Dei som klarte å få til tilstrekkeleg vatning tidlegare har dessutan fått svært godt att for det. Det har også vore god respons på gjødsling etter den første slått. Situasjonen er derfor svært mykje betre enn det vi lenge frykta for. Samla sett er det likevel slik at 2018 vil ligge godt under eit normalår avlingsmessig sett, og der korn, grønsaker og delvis attlegg til eng vart sterkt råka.

Jordbruksføretak kan søke om erstatning når vesentleg avlingssvikt med klimarelatert årsak oppstår. For bruk med grovfôrbasert husdyrhald er det gjeldande sjablongverdiar for ei normalavling. For Øystre Slidre er denne sett til 390 FEm (forverdi) per dekar i årsavling. Den statlege ordninga har ein generell eigenandel på 30% av sjablongavlinga, som kvart føretak må dekke sjølv. I systemet inneheld ein normal-rundball 160 FEm. Det betyr at avlingar under 1,7 rundball per dekar over året kan utløyse tilskot for avlingssvikt. Etter revidert ordning vil eit innvilga tilskot per normal-rundball bli på kr 864,-.

Omrekna til normal-rundballar vil eigenandelen på 30% av grovfôravlinga i Øystre Slidre utgjera om lag 16000 ballar i eit normalår.

Slik kommunen ser det vil ordninga for støtte ved avlingssvikt treffe dårleg for føretak som normalt tek høge avlingar, og som har basert drifta på eit høgt avlingsnivå. Ordninga premierer heller ikkje innsats i vekstsesongen (vatning, gjødsling osv) som har vore viktig for å unngå ei større krise.

Partane i jordbruksoppgjeret har gjennom ei avtale i slutten av august styrka innsatsen knytt til turkesituasjonen i dei sterkast ramma områda. Blant anna vart det lagt inn eit ekstra tilskot til husdyr registrert i søknad om produksjonstilskot i mars 2018. Ei slik støtte vil også kome dei til gode som ikkje kjem inn under avlingssvikt-ordninga.

### **Vurdering:**

Rådmannen meiner at ei eventuell kommunal ordning for transportstøtte bør ha ei slik innretning at den i størst mogleg grad også fangar opp dei som ikkje får støtte gjennom ordninga for avlingssvikt. Transportstøtte vil då kunne dekke deler av føretaka sin eigenandel på 30%, og dessutan kunne kompensere noko for føretak som normalt er basert på høgare avling enn sjablongnivået.

Ei støtteordning til transport vil kunne verke prisdrivande i marknaden. Ordninga bør derfor vera moderat og ha eit tak. Med slik bakgrunn bør transportstøtten per normal rundball vera maksimalt kr 200,-, og dessutan vera avgrensa av ei total ramme for ordninga, t.d. kr 500 000,-. Eit botnfrådrag på kr. 100,- per rundball vil målrette ordninga mot støtte til langtransport. Ordninga bør også målrettast til føretak med husdyr i kommunen, som mellom anna vil sikre at transportstøtten kjem det siste leddet i ei eventuell aktørkjede til gode.

Kommunen ventar at transporten i vesentleg grad vil føregå som rundballar på leigebilar. Det er kjent at eigen transport og ulike variantar av transportert vare/koli førekjem. I slike tilfeller må transportstøtte vurderast særskilt.

Rådmannen meiner at ei ordning for kommunal støtte til langtransport av innkjøpt grovfôr (surfôr, høyensilasje, høy eller halm) bør innrettast slik:

- Utgangspunktet for støtteordninga er all transport omrekna til rundballar med normal storleik og kvalitet.
- Rundballar med halm blir rekna fullverdig med ein rundball surfôr (i denne situasjonen er fiber viktigare enn energi/protein).
- Det blir lagt inn eit botnfrådrag på kr 100,- i transportkostnad per rundball.
- Maksimal støtte per transportert rundball på inntil kr 200,-
- Ordninga vil ha ei ramme på maksimalt kr 500 000, som vil vera avgrensande for

utrekna støtte per rundball.

- Søknad må fremmast til kommunen skrifteleg innan 10.12.18, og kopi av kvittering for transportutgifter må leggest ved.
- Ordninga gjeld berre for innkjøp av fôr til egne dyr og omfattar dei som søker om produksjonstilskot i kommunen.
- Søknad om transportstøtte i tilfeller som ligg utanfor skissert ordning/vilkår kan få særskilt behandling.

### **Rådmannen legg saka fram med slikt forslag til vedtak/innstilling:**

Kommunestyret vedtek ei ordning for kommunal støtte til langtransport av innkjøpt grovfôr (surfôr, høyensilasje, høy eller halm) med slik innretting:

- Utgangspunktet for støtteordninga er all transport omrekna til rundballar med normal storleik og kvalitet.
- Rundballar med halm blir rekna fullverdig med ein rundball surfôr (i denne situasjonen er fiber viktigare enn energi/protein).
- Det blir lagt inn eit botnfrådrag på kr 100,- i transportkostnad per rundball.
- Maksimal støtte per transportert rundball på inntil kr 200,-
- Ordninga vil ha ei ramme på maksimalt kr 500 000, som vil vera avgrensande for utrekna støtte per rundball.
- Søknad må fremmast til kommunen skrifteleg innan 10.12.18, og kopi av kvittering for transportutgifter må leggest ved.
- Ordninga gjeld berre for innkjøp av fôr til egne dyr og omfattar dei som søker om produksjonstilskot i Øystre Slidre kommune.
- Søknad om transportstøtte i tilfeller som ligg utanfor skissert ordning/vilkår kan få særskilt behandling.

Ordninga blir dekkja gjennom omdisponering av budsjettmidlar frå næringsfond eigeidomsatt.

### **Kommunestyret 20.09.2018:**

#### **Behandling:**

Tove Grete Kolstad ble erklært inhabil ( sekr i ØSK bondelag) - Samrøystes vedteke  
Forslag frå Høgre v/Gunnar Thue:

Kulepkt 5: Ordninga vil ha ei ramme på maksimalt kr 600 000, som vil vera avgrensande for utrekna støtte per rundball. Finansieres av disposisjonsfond

Forslaget frå Høgre til kulepkt 5 vart sett opp mot rådmannen sitt forslag. Forslaget frå Høgre vart vedteke med 17 mot 1 røyst.

Forslag til vedtak med endring fra Høgre vart vedteke.

### **KS- 49/18 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek ei ordning for kommunal støtte til langtransport av innkjøpt grovfôr (surfôr, høyensilasje, høy eller halm) med slik innretting:

- Utgangspunktet for støtteordninga er all transport omrekna til rundballar med normal storleik og kvalitet.
- Rundballar med halm blir rekna fullverdig med ein rundball surfôr (i denne situasjonen

er fiber viktigare enn energi/protein).

- Det blir lagt inn eit botnfrådrag på kr 100,- i transportkostnad per rundball.
- Maksimal støtte per transportert rundball på inntil kr 200,- .
- Ordninga vil ha ei ramme på maksimalt kr 600 000, som vil vera avgrensande for utrekna støtte per rundball. Finansieres av disposisjonsfond.
- Søknad må fremmast til kommunen skrifteleg innan 10.12.18, og kopi av kvittering for transportutgifter må leggest ved.
- Ordninga gjeld berre for innkjøp av fôr til eigne dyr og omfattar dei som søker om produksjonstilskot i Øystre Slidre kommune.
- Søknad om transportstøtte i tilfeller som ligg utanfor skissert ordning/vilkår kan få særskilt behandling.

Ordninga blir dekkja gjennom omdisponering av budsjettmidlar frå næringsfond eigeidomsskatt.

Rett møtebok: